



MUSEUMSSENTERET

i Hordaland

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (MuHo) er eit konsolidert museum med sju avdelingar i Salhus, på Lygra, Osterøy og Radøy; Bevaringstenestene, Havråtunet, Kulturverntenesta i Nordhordland, Lyngheisenteret, Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter, Osterøy museum og Vestnorsk Utvandringssenter. MuHo er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie, samferdsle, migrasjon og kultur møteproblematikk i fortid og notid. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland..

Museumssenteret i Hordaland søker etter samarbeids- og resultatorienterte medarbeidarar og lyser ut følgjande prosjektstillingar for 1 år:

- **Tekstilkonservator**
- **Gjenstandskonservator**

Stillingane er plassert ved Bevaringstenestene i Salhus.

Det er 5 faste stillingar knytt til avdelinga; to tekstilkonservatorar, ein kulturhistorisk konservator, ein museumskoordinator og ei stilling knytt til teknisk drift.

Tekstilateliet disponerer ca 300 m² med det mest moderne tilgjengeleg utstyr.

Bevaringstenestene skal i all hovudsak tilby tenester til alle dei konsoliderte musea i Hordaland fylke innan samlingsforvaltning og konservering.

Bevaringstenestene tilbyr også tenester til eksterne kundar og det er hovudsakleg arbeid knytt til desse oppdraga som vert arbeidsområdet til dei to prosjektstillingane. Det er meldt inn ulike konserveringsoppdrag og vi har difor behov for to konservatorar med variert praksis.

Kvalifikasjonar:

- Vi søker etter konservatorar med godkjent utdanning

I tillegg ynskjer vi medarbeidarar som:

- Er utadvent og samarbeidsorientert og har evne til å arbeida sjølvstendig
- Har godt humør og evne til fleksibilitet
- Meistrar engelsk eller eitt nordisk språk munnleg og skriftleg

Løn etter avtale.

MuHo har gode offentlege pensjonsordningar gjennom KLP.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til avdelingsleiar Inger Raknes Pedersen, Tlf.: + 47-55 25 10 87, mobil: + 47-404 04 859

Nærare opplysningar om Museumssenteret i Hordaland finn du på <http://www.muho.no>

Det skal nyttast fastsett søknadsskjema m/CV. Du finn søknadsskjemaet på www.muho.no eller ved å venda deg til Museumssenteret i Hordaland, tlf. + 47 55 25 18 02.

Det må opplysast i søknaden kor tid du kan ta til i stillinga.

Søknadsfrist: 24.02.2012